

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 20.12.2012

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- REGLEMENT FOR UNGDOMSRÅDET - REVISJON
- VAL AV MEDLEM TIL REPRESENTANTSKAPEN I NGIR. SUPPLERINGSVAL
- PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL
- SAKKUNNIG KLAGENEMND FOR EIGEDOMSSKATTESAKER - SUPPLERINGSVAL
- KUNSTGRASBANE DALSYRA - TILLEGGSSØKNAD OM FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR OG UT BETALING AV TILSKOT
- GODKJENNING FOR KOMMUNEDELPLAN FOR FENSFJORDEN. INTERKOMMUNAL PLAN
- GODKJENNING MED MINDRE ENDRINGAR AV GBNR. 94/1 BREMNES/MERKESDALSVÅGEN. REGULERINGSPPLAN
- GODKJENNING MED MINDRE ENDRINGAR AV GBNR. 83/4 VATSVIK/ TUVIKA HYTTEFELT. REGULERINGSENDRING
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2013
- BUDSJETT 2013 OG ØKONOMIPLAN 2013-2016

I tillegg vert det på slutten av møtet utdeling av gulatingprisen.

Stad og tid: Brækkestranda Fjordhotell kl. 12.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Helsing frå ordføreren

Adventstida er her, og nok eit år går mot slutten. I Gulen kan vi sjå tilbake på eit aktivt og innhaldsrikt år på mange felt. Eg vil spesielt trekke fram alt som har skjedd på kultur- og idrettsfronten.

Vi har Utkantfestivalen som også i år vart ein stor suksess. Ei anna storsatsing var stykket "På ramnens dag" som var eit samspel mellom profesjonelle skodespelarar og lokale, der dei lokale kreftene både på skodespel og sang gjorde ein kjempeinnsats.

Det siste no var Eivindvik ungdomslag sin revy, der aktuelle tema vart sett på dagsorden på ein humoristisk måte.

Vi har òg fått eit nytt kunstgalleri på Takle, der det var ei flott utstilling av Mons Breidvik sine måleri ved opninga av galleriet.

Utanom det eg har nemt ovanfor, så har vi fleire korps og kor som gjer det godt også utanfor kommunen vår. På idrettssida er det spesielt kjekt når unge utøvarar hevdar seg i toppen både i skyting og i friidrett.

På Dalsøyra er det kome opp eit fantastisk baneanlegg som vi alle kan vere stolte av. Dette har kome i stand ved eit samarbeid av mange, men det er dei eldsjelene lokalt som driv det fram og som gjer at vi lukkast.

Bak alle desse prestasjonane ligg det mykje frivillig arbeid både blant enkeltpersonar og lag i kommunen. Dette er eit veldig viktig arbeid som vert drive fram av eigne interesse og eit engasjement for lokalsamfunnet.

Det at det skjer noko i bygdene våre, er det som held oss saman, og er viktigare enn mange tenkjer over. Takk til alle dykk som gjer ein kjempeinnsats.

I høst har eg hatt gleda av å vitje to 100-åringar i kommunen vår. Det var kjekt å få sitte og prate og syngje i lag med dei. Friske var dei begge, og det er godt å høyre at dei har det godt på sjukeheimen vår.

Jula nærmar seg, og mitt ynskje for oss alle er at vi skal få litt tid til kvarandre no framover, og eg vil få ynskje dykk alle ei god jul og eit godt nyttår.

Helsing
Hallvard Oppedal

Ordfører



Kunngjering om budsjett og økonomiplan

Budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016 ligg til offentleg ettersyn på ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida

frå **03.12.2012 til 17.12.2012.**

Merknader kan sendast til
Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Opningstider i jula

Ekspedisjonen

Julafta	kl. 09.00-12.00
Romjula	kl. 10.00-14.00
Nyttårsafta	kl. 09.00-12.00



Det vert bemanning på sentralen
telefon 57 78 20 00.

Barneverntenesta

Opningstider i romjula: Den 28. des. er det folk på kontoret i kjernetida. Utover dette kan me nåast på telefon: 948 19 697.

Ei koseleg adventstid og god jul til dykk alle ☺
Jane og Ann Helen

Bygdemøte

Gulen kommune inviterer til
Bygdemøte på Dalsøyra Samfunnshus
11. desember 2012 kl 19:30.
Tema er:
Kommuneplan for Gulen
Bygdeutvikling for Dalsøyra

Gulen kommune inviterer til
Bygdemøte på Byrknes skule
15. januar 2013 kl. 19:30
Tema er:
Kommuneplan for Gulen
Bygdeutvikling for Byrknes

Plan-nytt

I dag pågår 25 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan, IKP Fensfjorden:

Revidert planforslag med mindre endringar vart godkjent i formannskapsmøte 15.11.2012 og blir sendt vidare til kommunane for godkjenning.

Kommunedelplan for trafikktrygging:

Planarbeidet for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune:

Høyring pågår, hugs frist for innspel 7. desember 2012 i forhold til planprosess og samfunnsdel.
Andre innspel har frist 22.03.2013

Fyrste utkast av idédugnad i Brekke 20.11.2012 blir lagt ut på heimesida.

Strandsoneanalyse del 2 for Gulen er starta opp 27.11.2012. Denne gjeld for områda Sognefjorden, Sognesjøen, Nordgulfjorden, Austgulfjorden, Eidsfjorden og sone langs bygdesenter Brekke, Dalsøyra og Byrknes.

Vassregion Hordaland og Sogn og Fjordane:

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for vassområde Nordhordland ligg på høyring, frist 31.12.2012.

Reguleringsplanar:

* Godkjenning av plan for:
- Tuvika hyttefelt, endring, KOM 20.12.2012
- Merkesdalsvågen hyttefelt, KOM 20.12.2012

* 1. gongs høyring og offentleg ettersyn:
- Kvernevågen, Næring og hyttefelt, frist 04.01.2013

* Planarbeid pågår:

- Nappen hyttefelt, Mjømna
- Storevågsneset, Brandanger
- Veg til Kyrkjøyne, endring, Rutledal
- Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1, Nyborg
- Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4,33
- Krekebærtua, gbnr. 94/5, Bremnes
- Tausevågen, Byrknes, båthotell, mm.
- Randal hytter, gbnr. 86/3, endring
- Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter, (høyringsfrist 30.11.12)

7 planar ligg på vent hos planleggjar / tiltakshavar.



Informasjon frå Gulen helsestasjon

Gulen helsestasjon har fått ny helsesøster:

Kjersti Risa frå Radøy byrja i 40 % stilling 14.08.2012. Ho jobbar torsdagar og fredagar.

Ansvarsområde: Skulehelseteneste på Byrknes skule og Brekke skule. Helsestasjon for barn 0-6 år frå Eivindvik region. Helsestasjon for ungdom m.m.

Kjersti har tlf 57 78 38 08 eller mobil 945 06 799.

Hennie K. Lefdal er leiande helsesøster i 100 % stilling.

Ansvarsområde: Skulehelseteneste på Dalsøyra skule og Eivindvik skule. Helsestasjon for barn 0-6 år frå Byrknesøy, Dalsøyra og Brekke region. Helsestasjon for ungdom. Smittevern/reisevaksining m.m.

Hennie har tlf 57 78 38 30 eller mobil 979 75 760.

Helsesøster har kontor på tre helsestasjonar og fire skular. Det er difor ofte lettast å nå oss på mobiltelefon.

Helsestasjonen er del av den kommunale helsetenesta, og er eit gratis lavterskeltilbod for alle barn og unge 0-20 år og deira føresette. Kontakt oss på telefon eller stikk innom hovudkontoret i Eivindvik.

NB!

Vi har ein del nye barnefamiliar som kjem som arbeidsinnvandrarar eller familiegjenforening til Gulen. Nokre få av dei får ikkje helsestasjonen melding om. Kjenner du til nyinnflytta barnefamiliar i ditt nabolag, er det fint om du kan informere dei om helsestasjonstilbodet i Gulen og be dei ta kontakt med oss.

Nye resurssjukepleiarar i Gulen kommune si kreftomsorg

Linda Hantveit har for tida permisjon. Jill-Eva Areklett og Anne Karin D. Haveland vikarierer i kvar si 20 % stilling fram til sommaren 2013. Dei har kontordag tysdag (Anne Karin) og torsdag (Jill-Eva), men er å nå på telefon alle dagar.

Jill-Eva mobil 414 64 116

Anne Karin mobil 945 06 797

Søknad om produksjonstilskot januar 2013

Frå og med søknadsomgang januar 2013 blir det ikkje sendt ut papirsøknader.

Rettleiing til pålogging i Altinn blir framleis sendt i posten, og SMS med oppmoding om å søkje elektronisk vert sendt ut.

All informasjon er tilgjengeleg på SLF sine nettsider www.slf.dep.no Gå til elektroniske tjenester - søk om produksjonstilskudd i jordbruket - hvor finner du skjemaet.

Søkjalar må i god tid før søknadsfristen sjekke om dei har kodane til Altinn pålogging. (SLF anbefalar at innloggingsmetoden ID-posten/MinID vert nytta)

Bustadfeltet HOVDEN II nærmar seg byggjeklart

Hovden II skal vere byggjeklart våren 2013. Feltet i sørenden av Gulen inneheld over 20 flotte hustomter – interesserte kan søkje om tomt til Gulen kommune. Kart og nærare informasjon om tomtene ligg på heimesida under ledige tomter.

Informasjon om KLAFF



KLAFF er ei tverrfagleg kommunal samarbeidsgruppe som består av fagpersonar frå pedagogisk psykologisk teneste (PPT), helsestasjon (HST) og barneverntenesta (BVT). KLAFF gjev rettleiing til barnehagar og skular i Gulen i høve alle tema som gjeld barn og unge. Har du uro eller bekymring kring barn eller unge i kommunen, kan du ta kontakt med ein av personane under for å avtale eit møte med KLAFF for rettleiing. Drøftingane skal vere anonyme, med mindre ein har fått samtykkje frå den det gjeld.

PPT	Herfinn Takle	Tlf. 979 75 763
BVT	Jane Hesjedal	Tlf. 997 92 109
HST	Hennie K. Lefdal	Tlf. 979 75 760

Ledig stilling ved Gulen kommune

Kommunen treng tilkallingsvikarar i PU-tenesta frå snarast

Arbeidsoppgåver:

- Legge til rette for og bistå brukarar med ulike funksjonsnivå i daglege gjeremål og fritidsaktivitetar.

Du må:

- Trivst med å jobbe med menneske med særlege behov og ha gode samarbeidsevner.
- Kommunisere godt på norsk

Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar eller helsefagarbeidar er ynksjeleg, men ikkje eit krav. Opplæring vert gjeven.

Ta kontakt med einingsleiar Bjørg Haugland på tlf 57 78 32 88 dersom du ynskjer å vere tilkallingsvikar.

Det vert stilt krav om godkjent politiattest.

Tips til julegåver?

I ekspedisjonen har vi ei rekkje flotte bøker til sals.



Brekke Herred bind III	kr 400,-
Brekke: Tun og Ætt	kr 550,-
Destination Viking –Western Viking Route	kr 100,-
Farne Tider	kr 149,-
Glimt frå Gulen – 92	kr 75,-
Glimt frå Gulen – 94	kr 75,-
Glimt frå Gulen – 2000	kr 75,-
Gulatinget	kr 268,-
Gulatingsboka	kr 350,-
Gulen i gammal og ny tid (pr.bok)	kr 500,-
Gulen i gammal og ny tid I-III	kr1 000,-
Noreg blir et rike	kr 295,-
Krigsår	kr 448,-
Stadnamn i Brekke III	kr 75,-
Vestlandskunstnaren Mons Breidvik	kr 248,-
Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar	kr 270,-

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Ta kontakt på tlf. 57 78 20 00

Informasjon frå tannhelsetenesta

På grunn av nedbemanning er tannklinikken i Eivindvik stengt inntil vidare. Pasientar lyt kontakte Lavik tannklinikk 57 71 17 26 eller Hyllestad tannklinikk 57 78 86 22.

Dette skjer i kyrkja



9. desember kl. 15.30:
Familiegudsteneste i Risnehall

**15. desember kl. 15.30
(laurdag):**
Julekonsert i Brekke kyrkje

16. desember kl. 16.30:
Julekonsert i Mjømna kyrkje

16. desember kl. 16.00:
"Vi syng jula inn" i Gulen kyrkje

24. desember kl. 11.00:
Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje

24. desember kl. 14.00:
Familiegudsteneste i Brekke kyrkje

24. desember kl. 14.30:
Familiegudsteneste i Gulen kyrkje

25. desember kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje

31. desember kl. 23.00:
Midnattsmesse i Brekke kyrkje

Takk for ein flott revy 2012!

Eivindvik Ungdomslag takkar for ein vel gjennomført revy. Dette er eit kjempeflott kulturtiltak i kommunen som samlar både ung og gammal. Vi takkar alle som var med og hjalp oss med å få dette til, og rettar ei spesielt stor takk til aktørane, som gjorde ein framifrå innsats!

For EUL, kasserar Christine Loutchan